



# Referat

: Off.lov

**Til** Sjå mottakarliste**Dato:** 21.01.2016**Frå** Jon Nedkvitne**Vår ref:** 16/444-1/N - 0/JONE

## Referat i frå møte den 15.01.2016

| Møte            |                           | Referat           |  |  |
|-----------------|---------------------------|-------------------|--|--|
| <b>Dato</b>     | 15.01.2016                | <b>Deltakarar</b> | Ordførar Jostein Ljones, samfunns- og utviklingssjef Jon Nedkvitne, stabs- og økonomisjef Anita Hesthamar i frå Kvam herad. I frå Kvamskogen vel; Erik Bjerring Hansen, Joachim Nielsen og Unni Ellefsen |  |
| <b>Stad</b>     | Kvam rådhus - Norheimsund | <b>Forfall</b>    | Lars Ese Ur og Arild McClellen Steine  |  |
| <b>Referent</b> | Jon Nedkvitne             | <b>Kopi</b>       |  |  |

| Nr | Sak  | Frist | Ansvar oppfølging                                     |
|----|--|-------|---|
|    | Løypekøyring. Kvamskogen vel ynskjer meir og betre køyring av løyper også vest på Kvamskogen. Ynskjer også hjelp i frå kommunen til å tilretteliggja løyper der grunneigar ikkje ynskjer løypekøyring. Viser til høgstereretdom. Gjeld mellom anna i område med Heiavatnet og Fossdal. Kvam herad viser til at kommunen har auka sitt bidrag til løypekøyring i frå 70.000,- til 100.000,- i 2016. Eit av dei få områda i budsjettet at kommunen har auka sitt bidrag. Kommunen tek ikkje på seg rolla med «å pressa seg fram», i område der grunneigar ikkje ynskjer løypekøyring. Både kommunen og Kvamskogen vel, ser på løypekøyringa som svært viktig, for å oppretthalda Kvamskogen til eit attraktivt hytteområde. Alle ynskjer også å bidra, men usemja om kor mykje som kvar einskild bidragsytar skal bidra med. Kvam herad ynskjer også nærmare kontakt med Bergen og omland friluftsråd for å sjå på tiltak for rekreasjon og friluftsliv på Kvamskogen. |       | Kontakt med Bergen og omland friluftsråd. Kvam herad. |
|    | Mastefondet. Kvamskogen vel ynskjer «sin del» av midlane i frå mastefondet. I frå Kvam herad vert det vist til at midlane ikkje vert fordelt geografisk, men at det er mogleg for Kvamskogen vel   |       |   |

|  |   |  |   |
|--|---|--|---|
|  | å sokja kommunen om å få nytta midlane.   |  |   |
|  | Eigedomsskatt. Kvamskogen vel har rekna ut at hytteigarane på Kvamskogen legg att om lag 8,8 mill kroner i eigedomsskatt. Kvamskogen vel viser til at dei vil ha noko att. Kvam herad har forståing for dette, men viser også til rapport i frå Telemarkforskning, som viser at med store hytteområde i kommunen, så er det naudsynt å dimensjonera tentestene deretter, noko som fører til auka kommunale utgifter for Kvam herad. Kvamskogen vel understrekar at dei ynskjer synlege resultat av eigedomsskatten, med tiltak på Kvamskogen. |  |   |
|  | Kvamskogen og resten av Kvam som eit avgiftsområde innafor vatn og avlaup. Tidlegare har dette vore to avgiftsområde, for å få på plass utbygginga av infrastrukturen på Kvamskogen. Kvamskogen har hatt billigare avgifter i det siste, pga lågare utgifter til utbygging enn det var forventa. Nye forskrifter for samanslåing til eit avgiftsområde er uderves. Kvamskogen vel vil ha moglegheit til å gje uttale til forskriftene.  |  |   |
|  | Kvammapakken. Jostein Ljones orienterte om Kvammapakken. Konsulentar er no sett til å kvalitetssikra dei attverande prosjekta i Kvammapakken. Må finnast rimelegegare løysingar for gang- og sykkelveg over Kvamskogen, enn slik dette prosjektet framstår i dag. Kvam herad ynskjer å vera med på prosjekt i frå Kommunenes sentraldforbund om enklare løysingar for gang- og sykkellvegar. Ljones orienterte også om at rassikringsmidlar snart vil verta prioritert i Tokagejet.   |  | Kontakt med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Kvam herad |
|  | Fartsgrenser på Kvamskogen. Kvamskogen ynskjer nedsette fartsgrenser på Kvamskogen, 60 km i timen i staden for 80 km i timen. Kvam herad ynskjer ikkje dette, ordførar hevdar at dette vil vera ei kvalitetsmessig nedgradering av vegen over Kvamskogen. Kvamskogen vel ynskjer at kommunen tek initiativ til å få nedsett fartsgrensa. Dette vart avvist i frå Kvam herad. Det vart i frå Kvam herad vist til at det vil vera mogleg å komma med innspel og merknader til trafiksikringsplanen.   |  |   |
|  | Toalett på Kvamskogen. Kvamskogen vel ynkjer offentleg toalett på Kvamskogen. Kvam herad har ikkje tatt tak i den problemstillingen. Kvam herad ser behovet, men har ikkje noko apparat til å fylgje opp dette med drift av eit evt anlegg.   |  |   |
|  | Sti- og gangvegsystem. Kvamskogen vel ynskjer at Gjelteliavegen vert kopla saman med Mødalsvegen. Kvam herad tek med seg problemstillingane med stiar og vegar i møte med Bergen og omegn friluftsråd, evt også direkte kontakt med grunneigar.   |  |   |
|  | Stikkveg-Byrkjesetevegen. Kvamskogen vel viser til slitasje av privat veg i samband med at det var stengt i Tokagejet. Ynskjer at det vert klargjort om det finst noko form for erstatning til utbetring av vegen. Om det ikkje er kommunen sitt ansvar å få utbeta vegen?  |  | Kvam herad.   |
|  | Kommunedelplan for Kvamskogen. Kvam herad orienterte om at noverande heradsstyre ynskjer ein revisjon av kommunedelplanen.  |  |   |

**Mottakarar:**

Anita Hesthamar

TØRVIKBYGD

Jostein Ljones

Arild McClellan Steine

Kvamskogen vel v/ Erik

Postboks 245 Indre Arna

5888

BERGEN

Bjerring Hansen

